



**VEDTEKTER**  
**FOR BRUK AV**  
**SAMNANGER KOMMUNE**  
**SITT NÆRINGSFOND**

Vedtatt av kommunestyret, sak 23, 28.04.94.

## **§ 1 HEIMEL, KAPITAL OG AVKASTNING.**

### **a) Fondskapitalen er:**

**Næringsfond på kr. 1.000.000.- innbetalt av Bergen Lysverker i medhald av pkt. 2 i konsesjonsvilkåra for Bergen Lysverker si utbygging av Samnanger vassdraget. Oppretta ved Kg.res. av 26.06.81.**

**Fondskapitalen kan berre nyttast til lån, herunder ansvarlege lån, og/eller avsetjast til garantifond.**

### **b) Avkastninga er:**

**- Årlege konsesjonsavgifter som vert innbetalt av Bergen Lysverker i medhald av pkt. 2 i konsesjonsvilkåra for Bergen Lysverker si utbygging av Samnangervassdraget.**

**- Renter og anna avkastning av fondskapitalen.**

**Avkastninga kan nyttast til tilskot og til lån på særskilde vilkår.**

## **§ 2 FØREMÅL.**

**Næringsfondet skal nyttast til næringsføremål og til kommunale fellestiltak.**

**Prosjekt som vil betra moglegheitene for kvinner og ungdom til å verta sysselsett bør prioriterast.**

**Det kan ikkje gjevast stønad til sannering av gjeld eller til den daglege drifta av verksemder og kommunen. Det bør heller ikkje gjevast stønad til verksemder som mottok større overføringar over statsbudsjettet.**

### **§ 3 STØNADSFORMER.**

**Stønad kan gjevast som lån og garantiar.**

**Dersom det vert gjeve garantiar, må det setjast av midlar til eit urørleg garantifond  
Næringsfondet sitt totale garantiansvar må ikkje overstige fire gonger garantifondet.**

**Det kan også gjevast tilskot og lån på særskilde vilkår frå utbyttet.**

**Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private verksemdar.  
Dersom det vert teikna kommunale aksjer, kan ikkje dette utgjera meir enn 30% av aksjekapitalen i verksemda. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerar i samarbeid med private interessantar.**

### **§ 4 STØNADSVILKÅR.**

**Samla stønad frå fondet til private næringstiltak skal som hovedregel ikkje overstiga 50% av den totale kapitaltrøng for eit prosjekt.**

**Til prosjekt som vil ha serleg mykje å seia for kvinner og ved nyetableringar kan det gjevast inntil 75 % stønad.**

**Garantiar skal gjevast på pro-rata vilkår.**

**Støtten (tilskot og evt. subsidieelement i lån med nedsatt rente) skal vere avgrensa til :**

**Maksimalt støtte må ligge innanfor ei maksimumsgrense på kr 400.000 (50.000 ECU) til eit og same føremål i ei og same bedrift i ei treårsperiode. Bedrifter som mottek støtte plikter å opplyse om at støtte er motteke frå næringsfondet ved søknad om evt. ytterligare støtte frå offentlege midlar innan utløpet av treårsperioden. (Det vert vist til EØS-avtalen sitt regelverk for offentlig støtte, reglane for bagatellmessig støtte (de minimis)).**

## **§ 5 TILHØVE TIL INTERNASJONALE PLIKTER PÅ STATSSTØTTEOMRÅDET**

*Bruken av fondet skal vere i samsvar med dei internasjonale regelverk Norge har slutta seg til på stasstøtteområdet.*

## **§ 6 FORVALTNING.**

*Kommunestyret oppnemnar formannskapet som fondsstyre. Det er høve til å delegera avgjerdsrett frå fondsstyret til administrasjonen innanfor nærare gjevne fullmaktsgrenser.*

*Fondsmidlane vert plasserte på renteberande konto slik at midlane er disponible til ei kvar tid. Renter og avdrag vert ført attende til fondet.*

## **§ 7 ÅRSMELDING.**

*Det skal leggjast fram ei melding om fondet si verksemd for kommunestyret kvart år. Gjennpart av denne meldinga skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.*

## **§ 8 GODKJENNING AV VEDTEKTER.**

*Vedtektene kan endrast etter vedtak av kommunestyret. Vedtaket treng godkjenning av fylkesmannen. Kopi av godkjende vedtekter vert å senda fylkeskommunen. Kommunen kan klage på fylkesmannen si avgjerd til Kommunaldepartementet.*